



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling  
Ogdalsveien 2

7713 STEINKJER

Dykkar ref

Vår ref  
10/119-1 KON

Dato  
2 FEB 2010

**Statsbudsjettet 2010 – kap 554, post 01 – Kompetansesenter for distriktsutvikling, driftsutgifter – Tildelingsbrev**

**1. Innleiing**

Kommunal- og regionaldepartementet følgjer opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 16 (2009-2010) og Prop. 1 S (2009-2010) for Kommunal- og regionaldepartementet. I tildelingsbrevet skal vi og vise kva for satsingsområde og mål som blir gjeldande i 2010.

**2. Disponible rammer og løyvingar**

*Tabell 1. Oversikt over midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda i 2010*

Kap.	Post	Namn	Sum i 1000 kr
554	01	Driftsutgifter	26 000

Distriktssenteret skal ikkje forvalte verkemiddel i form av lån, tilskot e.l. Det er heller ikkje budsjettert med inntekter til senteret. Dersom senteret likevel har inntekter, får verksemda fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 554 post 01 Driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3554 post 01 Diverse inntekter, jf. Prop. 1 S (2009-2010) romartalsvedtak II.

Kommunal- og regionaldepartementet er avhengig av at rapporteringa for dei fastsette måla synleggjer måloppnåinga for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegerte til Distriktssenteret. Midlane skal nyttast på ein effektiv og forsvarleg måte.

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo  
Kontoradresse: Akersg. 59, Telefon: 22 24 90 90, Telefaks: 22 24 27 40  
Org.nr.: 972 417 858

### **3. Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa i 2010**

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil halde oppe hovudtrekka i busetnadsmønsteret for å vidareføre og vidareutvikle det mangfaldet i historie, kultur og ressursar som ligg i det. Regjeringa vil styrkje den lokale og regionale vekstkrafta i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einsidig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketalet. Regjeringa vil samtidig leggje til rette for å utnytte verdiskapingspotensialet i heile landet.

I 2010 legg departementet opp til ein auke i dei regionale utviklingsmidlane til fylkeskommunane, mellom anna meir midlar til fylke med fleire eller alle kommunar utanfor verkeområdet (sentral- og mellomfylka). Departementet prioriterer tiltak innanfor entreprenørskap med auka løyvingar til NyVekst og dei kommunale næringsfonda.

Arbeidet med attraktive lokalsamfunn blir prioritert høgt i 2010. Departementet vil starte eit program for å stimulere til bulyst i distriktsområde med midlar til lokale og regionale utviklingstiltak. Arbeidet med lokal samfunnsutvikling blir og styrkt gjennom ei satsing som skal gjere kommunane til sterkare aktørar for samfunnsutvikling og gi fylkeskommunane betre kapasitet til å støtte kommunane i arbeidet deira. Det skal etablerast ei eiga investeringsstøtte for daglegvarebutikkar for å modernisere og styrkje daglegvarebutikkane som viktige tenesteleverandørar. Departementet aukar også løyvinga til verdiskapingsprogrammet for naturarven, som støttar regionale og lokale utviklingsprosjekt knytte til verneområde.

### **4. Nærmare om måla og oppgåvene til Distriktssenteret**

Distriktssenteret skal vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og ein støttespelar for eit heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområda. Distriktssenteret skal bidra aktivt til kompetansebygging knytt til distriktsutfordringar i brei forstand og ha ei rolle som landsdekkjande kompetanseorgan, rådgivar og bidragsytar for styresmakter og eldsjeler.

Distriktssenteret skal prioritere å hauste og formidle kunnskap frå prosjekt som har til mål å utvikle attraktive lokalsamfunn, som ein del av den heilskaplege distrikts- og regionalpolitikken. Det handlar om at lokalsamfunnet skal opplevast som attraktivt og ha eit godt omdømme.

Kvinner, unge og innvandrarar er viktige målgrupper i distrikts- og regionalpolitikken. Distriktssenteret må systematisere læringa rundt desse målgruppene.

Gjennom samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, andre regionale aktørar, organisasjonar og eldsjeler skal Distriktssenteret ha rolla som heilskapleg nasjonal kunnskapsbase og sikre overføring av kunnskapar og erfaringar frå vellykka utviklingsarbeid på tvers av fylke og over tid.

Distriktssenteret skal ikkje drive forskings- og utgreiingsarbeid sjølv, men ha ei bestillarrolle og samarbeide med relevante FoU-miljø om å skaffe relevant dokumentasjon og ny kunnskap.

#### *Kunnskapsbasen*

Ei hovudoppgåve i 2010 er å få den tekniske løysinga til kunnskapsbasen til å fungere slik at basen kan bli eit formålstenleg verktøy for dei tilsette i Distriktssenteret, og å gjere basen meir brukarvennleg for eksterne brukarar.

#### *Nettstaden [www.distriktssenteret.no](http://www.distriktssenteret.no)*

Ein sentral kommunikasjonskanal for Distriktssenteret er nettstaden, der mellom anna kunnskapsbasen er integrert. Departementet legg til grunn at det blir arbeidd kontinuerleg for å gjere nettstaden aktuell og nyttig for målgruppene til Distriktssenteret. Dette krev god kunnskap om behova til målgruppene og også oversikt over kva andre aktørar tilbyr, og korleis tenestene til Distriktssenteret kan utfylle det.

Distriktssenteret skal offentleggjere sine eigne vurderingar av dei enkelte prosjekta på nettstaden. Det er viktig at desse vurderingane er godt funderte, fagleg sett. Nettstaden skal både innehalde gode eksempel til etterfølging og informere om prosjekt som har vore mindre vellykka. Dette kan gjelde måloppnåing, forankring, organisering o.a.

#### *Omdømmearbeid*

I 2009 overtok Distriktssenteret oppgåver frå Kommunal- og regionaldepartementet innafør området omdømmearbeid. Dei viktigaste oppgåvene på dette feltet i 2010 er:

- Gjennomføring av ein inspirasjonsturné. Hausten 2009 blei det starta ein inspirasjonsturné, og denne turneen skal følgjast opp i første del av 2010 i dei kommunane ein ikkje rakk å vitje i 2009.
- Vidareføring av omdømmeskolen. Distriktssenteret held her fram med det arbeidet som blei starta i 2009, for å vidareføre arbeidet med ein omdømmeskole i 2010.
- Vidareutvikling av nettstaden Ry. Nettstaden Ry er no ein del av heimesida til Distriktssenteret, og arbeidet med å utvikle desse sidene skal halde fram i 2010.

### *Møteplassar*

I 2010 skal Distriktssenteret vidareføre det gode arbeidet som blei starta i 2009 for å medverke til nettverksbygging, erfaringsoverføring og synleggjering. Her skal Distriktssenteret både ta i bruk eksisterande møteplassar for kommunar og andre aktørar som er engasjerte i utvikling av lokalsamfunna, og skape nye møtestader av same slaget.

### *Innflyttarar*

Distriktssenteret skal vidareføre dialogen med Kommunal- og regionaldepartementet, IMDI og Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet om korleis ein kan utvikle informasjon til kommunar og deltakarane i regionale samarbeidsprosjekt når det gjeld inkludering av nye innflyttarar, mellom anna innvandrarar.

### *Lokal samfunnsutvikling i kommunane*

Distriktssenteret er ein samarbeidspartnar i den komande satsinga for å styrkje kommunane si rolle som samfunnsutviklarar. Dei fylkeskommunane som blir med i satsinga, får hovudansvaret for å setje den i verk. Distriktssenteret skal vere ein støttespelar og ein ressurs for fylkeskommunane og kommunane når satsinga skal konkretiserast. Departementet, fylkeskommunane og Distriktssenteret må i samarbeid definere behov og gode arbeidsmåtar i praksis. Arbeidsmåtene kan variere frå fylke til fylke. I samband med satsinga skal det drivast følgjeforskning. I Distriktssentret si rolle som rådgivar ligg det også eit ansvar for å stø opp om formidling av kunnskap frå følgjeforskarane til dei prosjektansvarlege i fylkeskommunane, slik at det går føre seg god læring i heile prosjektperioden.

### *Bulyst og kulturbasert stad- og næringsutvikling*

Kommunal- og regionaldepartementet kjem med ei ny satsing under temaet bulyst i 2010. I St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru* blei det lansert ei slik satsing. Dette er seinare følgt opp i framlegget til budsjett for 2010, der det er sett av 25 mill. kr til formålet. Midlane skal i hovudsak gå til regionale og lokale utviklingsprosjekt. Da blir fylkeskommunane den viktigaste samarbeidspartnaren for Kommunal- og regionaldepartementet. Kulturbasert stad- og næringsutvikling kan vere ein innfallsvinkel når ein skal arbeide med bulyst. I 2010 kjem det ei felles utlysing av midlane til bulyst og kulturbasert stad- og næringsutvikling. Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å involvere Distriktssenteret i arbeidet med Bulyst og kulturbasert stad- og næringsutvikling, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling.

*Kommunane som førstelinjeteneste i småskala næringsutvikling og entreprenørskap*  
Departementet ber Distriktssenteret gå i dialog med Innovasjon Noreg for å sjå om det er råd å få til eit samarbeid i det prosjektet som omfattar kommunane som førstelinjeteneste. Dette gjeld særleg formidling av gode eksempel.

#### *Administrative oppgåver og rutinar*

I 2010 har Distriktssenteret kome over i ein normal driftsfase. Det står att noko arbeid når det gjeld interne system og rutinar for å ta hand om administrative oppgåver, spesielt på det personalpolitiske området. Departementet vil understreke at det er viktig å få til gode interne rutinar for budsjett- og økonomistyring, personalpolitikk, innkjøp o.a. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at dei måla og resultatkrava som er fastsette, blir følgde opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda blir driven i samsvar med dei lovene, forskriftene og retningslinjene som gjeld, og med anna relevant regelverk. Dersom det er aktuelt å setje i gang med store arbeidsoppgåver på dette området, skal desse oppgåvene drøftast i styringsmøta. Distriktssenteret skal også opplyse om vesentlege avvik frå planar når dei eventuelt oppstår.

#### *Økonomi og budsjett*

I 2009 hadde Distriktssenteret eit relativt stort underforbruk. Departementet ber om at Distriktssenteret rapporterer om forbruket i samband med innspela til budsjetta for 2010 og for 2011. Departementet ber og om å få oversendt kopi av kassarapportar kvar månad. Sjå rapporteringskalenderen for fristar.

#### *Risikovurdering*

Distriktssenteret skal arbeide aktivt med risikovurderingar og informere KRD om kva for risikovurderingar ein legg til grunn for arbeidet i 2010. Eventuelle vurderingar som syner høg risiko for at mål ikkje kan nåast, skal ha med ein omtale av kva tiltak ein kan setje inn for å redusere risikoen. Analysen skal gjerast i samsvar med dei arbeidsmåla som er fastsette i den strategiske plattformen til Distriktssenteret. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggje på eller innehalde risikovurderingar.

#### *Kommunikasjon*

Kommunikasjonsarbeidet til Distriktssenteret skal støtte opp under strategiane til verksemda og vere baserte på gjeldande regelverk, som den nye offentleglova, den nye statlege kommunikasjonspolitikken og forvaltningslova. Openheit og tilgjengelegheit er viktige prinsipp. Det er og viktig at Distriktssenteret er lydhøyrte og fangar opp signal i samfunnet som gjeld verksemda, og nyttar dette aktivt i kommunikasjonsarbeidet.

Distriktssenteret skal orientere departementet i god tid før senteret offentleggjer viktige utgreiingar eller rapportar som ein har utført eller bestilt. Det må etablerast gode varslingsrutinar mellom Distriktssenteret og KRD, slik at Distriktssenteret i god tid varslar om saker som kan bli store, vanskelege eller kontroversielle i media.

Distriktssenteret skal ha tilfredsstillende planar for krisehandtering, også  
krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vere ein viktig del. Det blir  
forventa at Distriktssenteret synleggjer resultat ein har oppnådd på sitt politikkområde,  
og at ein tek kontakt med KRD for å få avklara om den politiske leiinga skal vere med  
på synleggjeringa.

Departementet ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid med Distriktssenteret i  
2010.

Med helsing

  
Liv Signe Navarsete

Vedlegg 1: Rapportering og styringsdialog

Vedlegg 2: Felles retningsliner for offentlege verksemdar

Vedlegg 3: Prinsipp for planlegging av IKT-løysingar

Kopi:

Innovasjon Norge – hovedkontoret

Norges forskningsråd

SIVA

Nærings- og handelsdepartementet

Riksrevisjonen